



Terje van der Meeren
Eidsbøen Nord
5392 STOREBØ

Dato: 12.02.2014
Vår ref.: 2014/505-3
Dykkar ref.:

Svar på brev om Fv 546 i Austevoll

Vi viser til dykker e-postar av 03.01.14 og 10.01.14 vedkommande fylkesveg 546 i Austevoll.

Når det gjeld spørsmålet om overordna og øvrig fylkesvegnett etter kriteria i Regional transportplan (RTP) etterspør du kvifor Fv 546 på strekninga Storebø-Husavik ikkje er definert som *overordna vegnett*, når denne strekninga er det einaste bindeleddet mellom kommunesenteret i Austevoll og regionsenteret på Stord. RTP legg opp til at alle kommunenesentra skal ha overordna vegnett mot eitt regionsenter. Kva som er det naturlege regionsenteret er ikkje alltid lett å definere, men i høve til Austevoll vart Bergen definert som regionsenter. Dette er vist i figur 4.2 i RTP, samt i figur 4.4 der det framgår at Storebø har overordna vegnett mot Bergen. Etter vårt syn er det difor rett, som me peika på i brev av 28.11.13, at *Fv 546 vidare sørover høyrer til det øvrige fylkesvegnettet, basert på dei kriterier som ligg til grunn i Regional transportplan (RTP)*.

Angåande kriterium 4, næringsomsyn, vart også dette svart ut i brev av 28.11.13. Som sagt var det i planarbeidet ein kort diskusjon om korvidt strekninga mot fiskerihamna, - ut i frå næringsomsyn, skulle vera overordna. Diskusjonen landa på at strekninga burde klassifiserast som *øvrig fylkesvegnett*.

Når det gjeld spørsmålet om fysiske tiltak langs Fv 546 så er det som kjent utført nokre tiltak. Desse tiltaka baserer seg på faglege vurderingar utfrå dei prioriteringane som ligg til grunn for fylkesvegnettet i Hordaland, og dei midlane som fylkeskommunen har til rådvelde til trafikksikringstiltak. Det er derre slik at det er mange fylkesvegar i Hordaland som skulle hatt ein høgare vegstandard, men midlane strekk ikkje til. Det er slik at Fv 546 er ein av desse fylkesvegane. Skulle vegen vere utbetra er det snakk om eit så omfattande arbeid at det ikkje kan gjennomførast utan å vere prioritert over investeringsposten i fylkesbudsjettet.

Fylkeskommunen legg til grunn vedtekne planar og prioriteringar når det gjeld utbetringer og investeringar på fylkesvegnettet. Ettersom Fv 546 ikkje er prioritert i denne planperioden, så er det vanskeleg å sjå at det vil verte gjennomført ytterlegare større tiltak på denne vegstrekninga dei kommande åra.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Lise Ådlandsvik
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.